

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lyngdal

Emne: Julemisse

Bygdelag:

Oppskr. av: Bertine Skersmyr

Gard:

(adresse): Lyngdal. Vest Agder.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Etter eigi røynsle, men spørde fleire ogja.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Julemisse er ikkje vore brukt i heimane. Men kring 1924 kom han i bruk på julefestar for folkeskulen og i frilynde ungdomslag i Lyngdal. Eg trur helst det er frå julekort. Han er blitt kjend, kan henda helst frå "Santa Clauskort" frå Amerika.
2. Julemisse deler berre ut godter, helst appelsiner, og når han det har gjort, rursar han ut att. Han sjelv får ikkje noko.
3. Til julemisse vel dei ein som kan vera småløgjer, kan syngjas eit morsamt vers, og elles kan gjerast noko barna kan læe åt, t. d. klappa ein vaksen kar på hovudet og stikka ein appelsin bort i lomma på haren så ikkje han merker det, men barna får gjæst.
4. Raud tapplina, maske med langt kvitt skjegg er det viktigaste. Han dei får tak i ein raud vesk og knebukkar, er det greit; men elles er det ikkje så nøye med klæda, berre han kan seia eller gjera noko morsamt når han deler ut.
5. Maskene blir som regel kjøpt, men det andre utstyret lærer dei gjerne saman.
6. Å gå julebukke er heller ikkje mykje i bruk. Dei har som regel maske, men ikkje alltid julemissemaske. Det viktigste er at ingen drar kjensel på dei same går julebukke. Dei delar aldri ut gaver; dei kjem

2

- for å få noko godt: julekake, småkake eller frukt. —
8. Eg kan ikkje finna ut at nokon set den nye nissen i samband med: "Julenissen med luen rød skal også have sin julegrød".
9. Nei. Julegavene blir som regel lagt under julekake, eller også delor gjeveren dei sjølv ut. —